

Etter adresseliste


Att.:

Vestnes, 22.03.2021

## **VARSEL OM REGULERINGSARBEID FOR STEINUTTAK PÅ GNR. 49 BNR. 3 PÅ STOKKELAND, VESTNES**

I samsvar med vedtak i planutvalet i sak 86/2019 og oppstartsmøte med Vestnes kommune den 25.06.2020, blir det med dette varslet om at det blir starta opp arbeid med privat reguleringsforslag for steinuttaket på gnr. 49 bnr. 3 på Stokkeland.

Planarbeidet skal skje innanfor skisserte plangrenser, sjå nedanfor.



Innspel til planarbeidet skal sendast til JOBing, Kråkvika 33, 6390 Vestnes, eller til e-postadresse [job@jobing.no](mailto:job@jobing.no) innan 26.04.2021.

Tiltakshavar er Stokkeland Traktordrift DA

Innanfor planområdet er der i dag eit eksisterande steinbrot. Planutvalet i kommunen har i vedtak i sak 86/2019 med tilhøyrande fråsegner frå Direktoratet for mineralforvaltning, Møre og Romsdal

fylkeskommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal (no Statsforvaltaren) og Statens vegvesen, gitt pålegg om at det blir utarbeidd reguleringsplan for området.

Målsettinga med planarbeidet er å gi rammer for uttaket av fjellmassar.


Tilkomsten for området vil bli innarbeid i samsvar med eksisterande regulerte avkøyrslø.

Det vil også bli utarbeidd ein driftsplan, som skal godkjennast av Direktoratet for Mineralforvaltning, og plan for istandsetting/etterbruk.

#### FORHOLD TIL EKSISTERANDE PLANAR MM:


Kommuneplanens arealdel:

Gjeldande plan vart vedtatt i 2016, og ein stor del av området er der avsett til «annan type bebyggelse og anlegg», her tenkt masseuttak.



Reguleringsplanar:

Det er ikkje tidlegare utarbeidd detaljplanar etter plan- og bygningslova for området. Planavgrensinga følgjer avgrensinga av Reguleringsplan fv 661 Vik – Leirvikbukta – gang og sykkelveg langs fv 661.



Med helsing

Jostein Bø